

**Fra:** [Ole-Jakob Sande](#)  
**Til:** [Andreas Eikrem Standal](#)  
**Kopi:** [postmottak@vanylven.kommune.no](mailto:postmottak@vanylven.kommune.no); [FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL](#); [Møre og Romsdal fylkeskommune](#)  
**Emne:** NVE sitt generelle innspel til varsel om oppstart av detaljregulering for område E40 Slagnes i Vanylven kommune  
**Dato:** tysdag 15. september 2020 13:28:29  
**Vedlegg:** [image002.png](#)

---

Vi viser til varsel om oppstart datert 25.08.2020.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl). Forslagsstillar har ansvaret for at desse interessene vurdert i planarbeidet.

### *Flaum, erosjon og skred og overvatn*

God arealplanlegging er det viktigaste verkemiddelet for å førebygge skader frå flaum, erosjon og skred. Plan- og bygningslova og byggteknisk forskrift (TEK17) set tydelege krav til tryggleik mot flaum, erosjon og skred ved planlegging og utbygging. På reguleringsplannivå vil det ofte være trong for ei detaljert fagkyndig utgreiing av reell fare. Omsyn til klimaendringar skal også vurderast.

Omsynet til flaum må også sjåast i samheng med lokal handtering av overvatn. Auka grad av utbygging i nedbørfeltet gir meir tette flater. Dette bidreg til raskare avrenning og krappare flaumtoppar nedstraums. Dersom vassdraget ikkje har kapasitet til å ta imot den auka avrenninga, må det planleggast med tilstrekkelege tiltak i nedbørfeltet som dryga vatnet og kompenserer for auken. Det må gjerast tidleg i planprosessen slik at det blir sett av tilstrekkeleg areal til tiltaka. Sjå elles informasjon om overvatn på [www.nve.no/hydrologi/urbanhydrologi](http://www.nve.no/hydrologi/urbanhydrologi).

### *Vassdrag- og grunnvasstiltak*

Det er store allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn. Tiltak som kan føre til skader eller ulemper for allmenne interesse, kan utløyse konsesjonsplikt etter vassressurslova (vrl). Viss det er trong for at NVE skal gjere vurdering av konsesjonsplikt av vassdragstiltak i planen, ber vi om at dette kjem klart fram i oversendingsbrevet. NVE kan avgjere at reguleringsplan kan erstatte konsesjon, dersom vassdragsinteressene er godt nok ivareteke i planen.

### *Energianlegg*

Eit vel fungerande system for produksjon og overføring av energi er avgjerande for samfunnet. Planen må difor ta omsyn til anlegg som er planlagt eller har konsesjon etter energi- og vassdragslovgjevinga. Dersom planen er i konflikt med energiinteresser, bør aktuelle energiselskap involverast tidleg

Ved oppstart av planarbeidet rår vi til å nytte følgjande rettleiarar og verktøy:

- [NVE sine karttenester](#) viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- [NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging](#) skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.
- [NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar](#) skildrar kva flaum- og skredprosessar som kan medføre fare, og korleis desse farane bør utgreiast og innarbeidast i planen.

- [NVE si sjekklister for reguleringsplan](#) kan være eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.
- [www.miljokommune.no](http://www.miljokommune.no) gir nyttige tips om handtering av overvatn i arealplanlegga.
- For vurdering av overvatn kan også følgjande publikasjonar frå Norsk Vann vere aktuelle. Norsk Vann sin rettleiar A162 – «Veiledning i klimatilpasset overvannshåndtering» og Norsk Vann sin rapport B22 - «Vann og avløp i arealplanlegging og byggesaksbehandling», <https://www.norskvann.no/index.php/kompetanse/va-bokhandelen>
- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy er tilgjengeleg på [www.nve.no/arealplan](http://www.nve.no/arealplan).

Dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn.

NVE legg til grunn at kommunen vurderer om planen tek i vare nasjonale og vesentlege regionale interesser. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må vere lagt ved plandokumenta. Vi ber om at alle plandokument vert sendt elektronisk til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no).

NVE vil prioritere å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av [brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen»](#). Vi ber difor om at det vert skrive tydeleg i oversendingsbrevet til NVE kva ein ønskjer bistand til i den enkelte saka.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

**Ole-Jakob Sande**

Senioringeniør

Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga

Seksjon: Region vest

**Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)**

Telefon: 22 95 95 45/90 88 78 30

E-post: [ojs@nve.no](mailto:ojs@nve.no)

Web: [www.nve.no](http://www.nve.no)



NVE



## Statens vegvesen

PER MULVIK AS  
Holmen 7  
6100 VOLDA

Andreas Eikrem Standal

Behandlende enhet:  
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:  
Dröfn Helgadóttir / 71274186

Vår referanse:  
20/154422-2

Deres referanse:

Vår dato:  
16.09.2020

### Uttale til varsel om oppstart av detaljregulering E40 Slagnes – PlanID 1511-2020002 – Vanylven kommune

Statens vegvesen viser til deres brev datert 25.08.2020

*Statens vegvesen har ansvar for å sørge for at føringer Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Vi uttaler oss som forvalter av riksveg på vegne av staten, forvalter av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport.*

#### Saken gjelder

Det varsles om oppstart av arbeid med detaljregulering av gnr. 42 bnr. 2 i Vanylven kommune. Planområdet ligg i ytre Vik, mellom Korsneset og Vikneset i Vanylven kommune.

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for etablering av fritidsboliger innenfor deler av område E40 i arealdelen til kommuneplanen, samt etablering av rorbuer mellom område E40 og sjøkanten. Område E40 er avsatt til reiselivsvirksomhet i kommuneplanens arealdel.

I og med tiltaket vurderes til å være i stor grad i samsvar med kommuneplanen har plankonsulent og kommunen konkludert med at det ikke kreves konsekvensutredning for planforslaget.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.  
6412 MOLDE

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

landskap og andre ålmenne interesser. Ut frå dette rår vi sterkt ifrå at planområdet går ut over det som i overordna kommuneplan er sett av til utbygging. At LNF-området langs sjøen framleis framstår som ubebygd, vil nettopp representere ein stor verdi for dei som bygger hytter i området, i tillegg sjølvstakt for dei som bur her. Vi vil vurdere motsegn mot ei utbygging som går nærare sjøen enn det som kommunen sjølv har lagt opp til i gjeldande overordna plan.

### **Samfunnstryggleik og klimatilpassing**

Vi ser det er planlagt å gjennomføre ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Det er gjort nokre førebelse vurderingar knytt til aktuell risiko i planområdet.

Vi vil samtidig gjere merksam på «*Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*». Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. Det er viktig at ROS-analysen inkluderer ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak. Det bør leggjast vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing, som òg kan medverke til auka kvalitet i uteområde. «*Klimaprofil Møre og Romsdal*» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket. Miljødirektoratet har laga ein rettleiar til korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar. Rettleiaren finn de på Miljødirektoratet sin nettstad.

### **Konklusjon**

Vi viser til våre merknader. Vi vil vurdere å fremje motsegn mot ei utbygging som går nærare sjøen enn det som er avklåra i overordna kommuneplan.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

### **Fagsaksbehandlar**

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

VANYLVEN KOMMUNE

STATENS VEGVESEN

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

RÅDHUSET

Postboks 1010 Nordre

Ål

Postboks 2500

6143 FISKÅ

2605 LILLEHAMMER

6404 MOLDE



Per Mulvik AS  
Holmen 7  
6100 VOLDA  
Att. Andreas Eikrem Standal

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

## Vanylven kommune gnr42 bnr2 Detaljregulering for Slagnes Oppstart

*Fylkesmannen er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Fylkesmannen i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Fylkesmannen sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

### Bakgrunn

Det er varsla om oppstart av detaljreguleringsplan for Slagnes. Planområdet er på om lag 16,2 dekar, og har som føremål å legge til rette for etablering av frittliggande fritidsbustader innanfor delar av området E40 i kommuneplanen sin arealdel. I tillegg er det ønske om å etablere «rorbuer» mellom område E40 og sjøkanten, altså innanfor LNF-område. Idéskissa syner 11 frittliggande fritidsbustadar og 9 «rorbuer».

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

### Planfagleg

Planframlegget er ikkje i tråd med overordna plan, som er reiselivsverksemd og LNF. Intensjonen i planframlegget her er reint fritidsbustadføremaal. Kommunen får sjølv vurdere om det er rett å bygge ut med ordinære fritidsbustader innanfor område som er sett av til reiselivsverksemd. Når det gjeld utbygginga i LNF-område, inneber det å bygge ned areal som etter overordna plan ikkje skal byggast ut.

### Strandsone

I gjeldande kommuneplan er det lagt ut eit breitt belte til utbygging (E), medan beltet langs sjøen framleis er sett av til LNF. Det er mykje areal langs strandsona i området som er sett av til ulike utbyggingsføremaal, mellom anna er om lag 200 meter strandsone sett av til E (ervert) rett aust for planområdet. Den delen av planområdet som utgjer LNF, ligg innanfor 100-metersbeltet, og etter plan- og bygningslova § 1-8 skal det her takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv,

### **Arealpolitiske føringer for planarbeidet**

Det er en rekke dokumenter som gir føringer med tanke på areal og transport som må legges til grunn for planarbeidet. Vår vurdering og uttale bygger blant annet på disse:

- Nasjonal transportplan
- Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg
- Nasjonal gåstrategi
- Nasjonal sykkelstrategi
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging
- Statens vegvesens normaler, retningslinjer og veiledninger

\*

### **Statens vegvesen har følgende konkrete innspill til arbeidet med reguleringsplanen**

Under forutsetning av at det legges til rette for tiltak som er i samsvar med kommuneplanens arealdel, både når det gjelder formål og utstrekning, har Statens vegvesen ingen innvendinger til at planarbeidet settes i gang.

Trafikksikkerheten må vurderes helhetlig og med tanke på den økte trafikken tiltakene innenfor planen vil medføre. En må se på trafikksikkerheten f.o.m. krysset med fylkesveg 61 og frem til og med planområdet, både for kjøretøy og mjuke trafikanter og ikke sist ev. eksisterende skoleveg.

Vi minner om at vegnormalene skal legges til grunn for utforming av alle offentlige veger. Vi anbefaler at de også legges til grunn for utforming av private veger.

Statens vegvesen har ikke ytterligere merknader til oppstartsvarselet og ønsker lykke til med planarbeidet.

Transportforvaltning midt  
Med hilsen

Linda Heimen  
seksjonssjef

Dröfn Helgadóttir

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

Kopi

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE  
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

PER MULVIK AS  
Holmen 7  
6100 VOLDA

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	25.08.2020	109056/2020/REGULERINGSPLAN/1511	Anders Smith-Øvland, 71 28 02 41	18.09.2020

## Vanylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan - etablering av frittliggende fritidsbustader gbnr 42/2 - fråsegn ved varsel om oppstart

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Planfagleg vurdering

Vi har ingen særskilte merknader til at kommunen planlegging i samsvar med kommuneplanen. Delar av planområdet omfattar strandsone som ikkje blør byggast ned. Dette er heller ikkje innarbeida som næringsområde i kommuneplanen. Vi rår her til at den delen av planområdet som ikkje er omfatta av kommuneplanens arealformål E 40 blir teke ut av planavgrensinga. Vi grunngi dette med at kommuneplanen LNF formål og plan- og bygningslova § 1-8 sikrar dette arealet i tilstrekkeleg grad.

### Kulturminne nyare tid

Planområdet ser ut til å ligge mellom nokre steingardar, og med to SEFRAK-bygningar av ukjend tilstand. Ved sjøen ser dette ut som eit fint område. Vi rår til at steingardane vert liggande att på ein slik måte at dei inngår som eit karaktertrekk ved området og med det vert bevart for framtida. Som eit fellesanlegg med til dømes sti innmot, eller på anna vis som eit element som ikkje vert i vegen når ny bruk av området vert lagt til. Om mogleg bør hus og uthus også bli bevart. Det er ikkje snakk om kulturminne som er verna i plansamanheng.

### Automatisk freda kulturminne (land)

Vi vurderer planområdet til å ha potensiale for automatisk freda kulturminne, knytt til steinalder og bronse/jernalder-busetjingsspor som ligg under markoverflata. Her er lokasjon, høgde over havet, og eksisterande kulturminne (Steinalderlokalitet, Askeladden ID 144843, Slagnes gbnr 43/2) ein viktig indikator for vurderinga av potensialet. Vi vil på grunnlag av dette stille krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i Kulturminnelova (KML).

Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje utgiftene ved ei slik undersøking, jamfør KML §§ 9 og 10. Kulturavdelinga ber om skriftleg aksept på vedlagte budsjett, i tråd med nye nasjonale retningslinjer for budsjettering av slike arkeologiske registreringar. Budsjettet er eit maksimumsbudsjett. Vesentlege uføresette forhold kan gje grunnlag for utarbeiding av nytt budsjett. Vi minner om at det vert fakturert med timepris for det året registreringa er gjennomført, sjølv om budsjett er satt opp med timepris for eit tidlegare år.

Det vil i dette området også vere aktuelt å sjakke med maskin etter buplassar, graver og andre automatisk freda kulturminne under markoverflata. Vårt budsjett omfattar ikkje kostnader til gravemaskin og førar. Ved ønske kan vi hjelpe til med å skaffe dette til veie, men når elles til at tiltakshavar sjølv ordnar dette. Gravemaskina bør helst vere 8-12 tonn, og ha vribar skuff med flat skjær på minst 1,20 m breidd. Vi gjer merksam på at eventuell tilsåing og reparasjon av gjerder og vegar er tiltakshavars ansvar viss ikkje anna er avtalt.

Vi når til at registrering vert gjennomført så tidleg som mogleg i planprosessen. Eventuelle funn kan få innverknad på korleis planen vert utforma. Om ein utsett registreringa til planen er ute til offentleg ettersyn, kan dette forseinke saksgangen fram mot endeleg planvedtak. Ved tinging og aksept av budsjett vert det føreset at tiltakshavar klarerer forholdet til grunneigarar, brukarar og eventuelt andre omsyn. Ved bruk av gravemaskin føreset vi også at tiltakshavar klarerer forholdet til eventuelle kablar, vassleidningar m.m. Vi ber også om namn og adresse på mottakar av faktura.

### **Automatisk freda kulturminne (i sjø)**

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Museet kjenner ikkje til kulturminne som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil vere i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

### **KONKLUSJON**

Vi når sterkt til at arealet langs sjøen blir teke ut av planområdet og at planarbeidet blir avgrens til arealformålet E40 i kommuneplanen.

- Vi ber om at dei nyare tids kulturminna, steingardarar og bygg, vert nytta i utforminga av ny arealbruk, og slikt sett teke vare på.
- Vi stiller krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i Kulturminnelova (KML).
- Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje utgiftene ved ei slik undersøking, jamfør KML §§ 9 og 10.
- Vi minner om varslingsplikta for eventuelle automatisk freda kulturminne ein finn under arbeid i sjø.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Anders Smith-Øvland  
overarkitekt

*Brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli sendt i papir*



Fagsaksbehandlar

Samferdsel:

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Susanne Busengdal tlf. 71 28 02 75

Nyare tids kulturminne: Toril Moltubakk, tlf. 71 28 03 37

Vedlegg: Budsjett – Arkeologisk registrering

Kopi:

Vanylven kommune

Statens vegvesen

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

# Budsjett arkeologisk registrering

E40, Slagnes, Vanylven kommune							
Saksnr.	2020/13997		Saksbeh.:	Susanne Busengdal			
Prosjektnr.				Dato:	09.09.2020		
Sted/ gård, kommune	Gbnr 42/2 i Vanylven kommune						
Tiltakshaver	Vik Bygg og Trelast As						
Adresse	Slagnes, 6146 Åheim						
<b>LØNSKOSTNADER</b>							
					sos.utg.		
<b>timekostnader</b>	timer	à kr	direkte lønn		47 %		sum
Forarbeid	7,5	kr 330,00	kr 2 475	kr 1 163	kr		3 638
<i>Delsum</i>	8		kr 2 475	kr 1 163	kr		3 638
Feltarbeid	150	kr 360,00	kr 54 000	kr 25 380	kr		79 380
<i>Delsum</i>	150		kr 54 000	kr 25 380	kr		79 380
Etterarbeid	75	kr 330,00	kr 24 750	kr 11 633	kr		36 383
<i>Delsum</i>	75		kr 24 750	kr 11 633	kr		36 383
<b>Sum lønnskostnader</b>	233		kr 81 225	kr 38 176	<b>kr</b>		<b>119 401</b>
<b>Indirekte kostnader</b>	60 % av timekostnader					<b>kr</b>	<b>71 640</b>
<b>DRIFTSKOSTNADER</b>							
	antall	à kr					
Kost	20	kr 780,00		kr			15 600
Losji	20	kr 1 000,00		kr			20 000
Reiseutlegg	Drivstoff, billetter, kilometer m.m			kr			5 000
Leiebil el. tilsvarende	750 per døgn			kr			15 000
Sum reise, kost og losji				kr			55 600
Forbruksmateriell og utstyr	(10 %)			kr			19 104
<b>Sum driftskostnader</b>				<b>kr</b>			<b>74 704</b>
<b>KJØP AV TJENESTER</b>							
Gravemaskin							
Annet teknisk utstyr							
<i>Delsum</i>							
Naturvitenskapelige analyser							
14C	4 stk 4950 kr per prøve			kr			19 800
annet	Andre vit.skil. Analyser (treartsbest., pollenprøver etc.)			kr			10 000
<i>Delsum naturvitenskap</i>				kr			29 800
Andre konsulenttjenster							
<b>Sum kjøp av tjenester</b>				<b>kr</b>			<b>29 800</b>
Håndtering av funn, prøver og dokumentasjonsmateriale (inntil 10 % av lønnskostnader)							
Universitetsmuseet i Bergen				10 %	kr		11 940
<b>SUM BUDSJETT (maksimum)</b>						<b>kr</b>	<b>307 485</b>